

## KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE, OMSORG OG SOSIAL 2014 – 26.

### Handlingsplan for 2014 – 18:

Utifrå det som er utarbeidd i kommunedelplanen for Helse, omsorg og sosial er det laga følgjande handlingsplan. Handlingsplanen tar for seg saker som gjennom arbeidet med planen har peika seg ut som områder ein må arbeida vidare med. Handlingsplanen skal vera eit arbeidsverktøy for prioritering og utføring. I samband med oppfølging av dei aktuelle saker er det fastsett ein tidsperiode, der det vidare er skissert bakgrunn for saka, tiltak, ansvar, resultatmål og økonomi. Planen skal rullerast årleg, reviderast kvar 4. år og forankrast i kommunen sin gjeldane økonomiplan. **I samband med årleg rullering skal det lagast ein statusrapport for vurdering av måloppnåing og resultat. Dette skal i tillegg synleggjerast i årsmeldinga.**

### Desse sakene vil me arbeide med frå 2014 - 18:

SAK: FOLKEHELSEARBEID.	
BAKGRUNN	Krav som føreligg i lov om folkehelse.
TILTAK	-Avklare ansvar, oppgåver og organisering av folkehelsearbeidet. -Innhente oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar. -Utarbeide mål og strategiar. -På bakgrunn av kunnskap og funn utarbeide handlingsplan med tiltak for å møte dei lokale folkehelseutfordringar.
ANSVAR	Rådmann med gruppe samansett på tvers av einingar.
RESULTATMÅL	Har oversikt over lokale tilhøve som kan påverke folkehelse. Handlingsplan er utarbeidd med mål, strategiar og tiltak for satsing innan folkehelsearbeid.
ØKONOMI	Søke midlar frå fylket gjennom partnerskapsavtale. Kr. 75 000 skal nyttast til kartleggingsarbeid i 2014.
SAK: INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE.	
BAKGRUNN	- Innbyggjarane har behov for informasjon om tenestetilbod. Det er mange ulike forventingar til tenestene. Det er viktig å vite kor ein kan ta kontakt for å få hjelp og rettleiing. - Kommunen ser at frivillig arbeid er ein viktig ressurs.
TILTAK	- Utarbeide kvalitetsstandardar og tenesteskildring. Legge ut informasjon på kommunen si heimeside og utarbeide informasjonsfoldar. - Kartlegge og synleggjere frivillig arbeid.
ANSVAR	Rådgevar og leiarar.
RESULTATMÅL	Innbyggjarane har tilgjengeleg tydeleg informasjon om: - Kva tenester ein kan få tildelt. - Kva som er forventa av brukarane sjølv. - <b>Kvar ein kan ta kontakt for å få hjelp og rettleiing, der ein har ein fast stad å henvende seg.</b>

	<p>- Klagerett.</p> <p>Tilgjengeleg informasjon avklarar forventningar, skapar forutsigbarheit og sikrar kvalitet i tenestetilbodet.</p> <p>Innbyggjarane bidreg og nyttar seg av frivillig tilbod.</p>
ØKONOMI	Innanfor løpande driftsbudsjett.
<b>SAK: METODE OG VERKTØY FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID</b>	
BAKGRUNN	<p>Dei ulike avdelingar i kommunen utøver tenester til mange felles brukarar og brukargrupper. Det er eit behov eit felles verktøy for å kunne førebyggje og setje inn tidleg tiltak i risiko overgangar i heile livsløpet for innbyggjarane.</p>
TILTAK	Ta stilling til system og metodar for samarbeid
ANSVAR	Rådmann
RESULTATMÅL	Bruke eit verktøy og metode som utviklar eit heilskapeleg og godt samarbeid på tvers av avdelingar og etatar.
ØKONOMI	Innanfor gjeldane rammer.
<b>SAK: BRUKARMEDVERKNAD</b>	
BAKGRUNN	Brukarane har rett til å medverke i det som skjer rundt sin eige kvardag.
TILTAK	<p>Fokus på god kommunikasjon med brukar og pårørande.</p> <p>Utarbeide tiltaksplanar i samråd med brukarane.</p> <p>Individuell plan for dei har behov for det.</p>
ANSVAR	Alle avdelingar
RESULTATMÅL	Brukarane opplever brukarmedverknad i høve til all tenesteyting.
ØKONOMI	
<b>SAK: ARBEIDS-OG AKTIVITETSTILBOD</b>	
BAKGRUNN	<p>Det er behov for arbeids - og aktivitetstilbod for ulike brukargrupper. Det er behov for ei avklaring av kva tilbod ein skal nytte og bygge opp lokalt og kva ein bør nytte interkommunalt og privat.</p>
TILTAK	<p>Vurdere noverande tilbod opp mot nye behov.</p> <p>Avklare kva tilbod ein bør satsa på.</p>
ANSVAR	Arbeidsgruppe oppnemnt av rådmann.
RESULTATMÅL	Det er avklart kva tilbod ein skal satsa på lokalt, interkommunalt og privat utifrå innhald, kvalitet og økonomi.
ØKONOMI	Må utgreiast

- **Desse sakene vil med arbeide med i perioden 2014 – 16:**

SAK: ORGANISASJON OG LEIARSTRUKTUR.	
BAKGRUNN:	Auka krav i høve til lovverk, tenesteyting, økonomi og effektivitet. Små einingar og få oppgåver av same slag gjer det vanskeleg å opparbeide seg rutine og kompetanse. Kan påverke rettstryggleik og effektivitet.
TILTAK	Gjennomgå og tilpassa organisasjonsstruktur til noverande og framtidige krav og forventningar.
ANSVAR:	Rådmannen.
RESULTATMÅL	Overordna mål: Tydeleg leiing er sikra. Det er avklart og iverksett best teneleg organisasjonstruktur i høve til økonomi, tenesteyting, forsvarlegheit og kvalitet. Delmål: Avklart roller, samarbeid og organisering av: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forvaltningsteneste.</li> <li>- Koordinerande eining.</li> <li>- Fagteam/ressurspersonar.</li> <li>- NAV kommune.</li> <li>- Helsetenesta.</li> <li>- Familievern/barnevern.</li> </ul> <b>Delmål: Brukarane har ein stad å henvende seg / ei dør inn for tenester.</b>
ØKONOMI	Innanfor eksisterande ramme.
SAK: ORGANISERING I PLEIE-OG OMSORG.	
BAKGRUNN	Endra krav, forventningar og oppgåver frå statleg hald. Auka utgifter i Pleie- og omsorg.
TILTAK	Gjennomgang av organisering og drift. Avklare rolle og fokus for sjukeheim og heimetenesta. Avklare kva døgntilbod ein skal ha i heimetenestene og institusjon. Avklare samarbeid med Gulen og Masfjorden brann og redning om vaktordning og utrykking på alarm.
ANSVAR	Rådgevar.
RESULTATMÅL	Rett kompetanse på rett plass til rett tid. Det er sikra forsvarlege tenester til innbyggjarane både i høve kvalitet og økonomi.
ØKONOMI	Innanfor eksisterande ramme.
SAK: DAGTILBOD FOR HEIMEBUANDE DEMENTE.	
BAKGRUNN	Lovpålagt frå 2016. Kommunen har søkt og fått innvilga midlar til oppbygging og etablering av tilbod. Midlane skal ikkje nyttast til lønsutgifter.
TILTAK	-Avklare kva dagtilbod ein skal etablere i dei ulike heimetenestesonene og kva ein skal tilby på institusjon. -Opprusting av lokaler og utstyr. -Vurdere og avklare kjøp av tenester frå private.

	-Vurdere kjøp av bil til skyss. -Bruk av midler til skyss.
ANSVAR	Avdelingsleiargruppa i Pleie- og omsorg.
RESULTATMÅL	Det er etablert dagtilbod i kommunen som er tilpassa ulike behov både lokalt og sentralt.
ØKONOMI	Tilskotsmidlar på kr. 600 000 årleg fram til 2016. Deretter finansiering gjennom rammetilskot.
<b>SAK.: RUS/PSYKIATRI.</b>	
BAKGRUNN	Det er behov for ei heilskapeleg samordning av tenester.
TILTAK	Revisjon/utarbeiding av temadelplan.
ANSVAR	Tverrfagleg arbeidsgruppe
RESULTATMÅL	Sikre at psykisk helse vert ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Sikre fokus og samarbeid på tvers av avdelingar. Heilskapelege og koordinerte tenester til denne gruppa.
ØKONOMI	Innan for gjeldane ramme.
<b>SAK: UTBYGGING AV BUSTADER OG LOKALER</b>	
BAKGRUNN	Det er behov for bustader til barn og unge med funksjonshemming, personar med rusproblem, psykiske problem og eldre inkludert døgntilbod.  Det er behov for nye lokaler til ulik tenesteverksemd og administrasjon av tenester.
TILTAK	Utarbeiding av temadelplan for utbygging av bustader og lokaler: - Kartlegge kor mange bustader det er behov for. - Kartlegge behov for lokaler. - Avklare kvar det skal byggast. - Avklare høve til samlokalisering av bustader, tenester, næring i samarbeid med privat næringsliv.  -Alle nye omsorgsbustader skal tilretteleggast for velferdsteknologi. -I arealplanlegging skal det takast omsyn til faktorar som fremjar folkehelse dvs. utforming av bumiljø/lokalmiljø, senter/institusjonar, slik at ein sikrar sosial kontaktflater og tilrettelegging for fysisk aktivitet.
ANSVAR	Arbeidsgruppe med representantar for TML, Pleie -og omsorg, helse og brukarrepresentantar.
RESULTATMÅL	Det er utarbeidd ein temadelplan for utbygging av bustader og lokaler for framtidige behov i kommunen.
ØKONOMI	Husbankfinansiering, husleige, hjelpemiddelsentral, privat næringsliv.
<b>SAK: KOMPETANSE.</b>	
BAKGRUNN	Krav om kompetanseplan. Behov for eit styringsverktøy for planlegging og sikring av naudsynt kompetanse i kommunen.

	Auka krav til kommunen til å handtera oppgåver i kommunen.
TILTAK	Utarbeide kompetanseplan.
ANSVAR	Personalsjef, rådgjevar
RESULTATMÅL	Kommunen har ein kompetanseplan som fungerer som eit styringsverktøy der ein har ein strategisk plan : -Gjennom kartlegging og analyse ha oversyn over kva helsepersonell ein har behov for. - Tiltak for å behalda og rekruttera helsepersonell. -Satsingsområder for generell kompetanseheving. -Fagfelt ein må rekruttera eller utdanna spesialistkompetanse. -Prioritering og plan for vidareutdanning for tilsette. - Skal vera ein dynamisk plan.
ØKONOMI	Innanfor gjeldane ramme.
<b>SAK: NAV KOMMUNE</b>	
BAKGRUNN:	Tenester blir forvalta imellom fleire einingar som avlastning, rus, psykiatri, støttekontakt.
TILTAK:	Tenestemeny må gjennomgåast og reviderast.
ANSVAR:	Leiar NAV og rådgjevar.
RESULTATMÅL:	Heilskapelege tenester for brukarane.
ØKONOMI:	Innanfor gjeldane ramme.
<b>SAK: HELSETENESTA</b>	
BAKGRUNN:	Høge forventningar på tilgang og utøving av tenester.
TILTAK:	Prioritering av oppgåver og avklaring av organisering.  Avklare forventningar, roller og ressursar i høve tverrfaglege tenester og oppgåver.
ANSVAR:	Rådmann, rådgjevar og kommuneoverlege.
RESULTATMÅL:	Har ei tydeleg organisering som gjev godt samsvar mellom forventningar og tilgjengelege ressursar.
ØKONOMI:	Innanfor gjeldane ramme
<b>SAK: BARNEVERNSTENESTA – ORGANISERING OG SAMARBEID.</b>	
BAKGRUNN	Liten og sårbar teneste.
TILTAK	Vurdere dagens samarbeid og organisering i høve framtidige utfordringar og forsvarleg teneste.
ANSVAR	Rådmann

RESULTATMÅL	Me har ei fagleg og kompetent barnevernsteneste. Det er etablert ei interkommunal samarbeidsordning.
ØKONOMI	Innanfor gjeldane ramme

- Dette sakene vil me arbeide med i perioden 2016 – 18:

<b>SAK: REHABILIERING/HABILITERING.</b>	
BAKGRUNN	Kommunen skal ha auka fokus på rehabilitering og habilitering. Auka fokus på meistring og ansvar for eige liv. Endre fokus frå behandling til førebygging.
TILTAK	Utarbeiding av temadelplan. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Inkludere psykisk og fysisk rehabilitering/habilitering.</li> <li>- Kvardagsrehabilitering.</li> <li>- Velferdsteknologi.</li> <li>- Tidleg tilbod om kartlegging og tilrettelegging av bustader.</li> </ul>
ANSVAR	Kommunal fysioterapeut med arbeidsgruppe.
RESULTATMÅL	Heilskapeleg plan for rehabilitering /habilitering for alle aldersgrupper i kommunen.
ØKONOMI	Innanfor gjeldane ramme.
<b>SAK: TILBOD OG TENESTER TIL FLYKTNINGAR</b>	
BAKGRUNN:	Kommunen har vedteke å ta imot flyktningar
TILTAK:	Tilsette flyktningkonsulent Opprette ei administrativ flyktningegruppe Utarbeide ein plan for mottak og integrering av flyktningar. Informasjonsmøter.
ANSVAR:	Rådmann og flyktningkonsulent
RESULTATMÅL:	Flyktningane er mottekne og integrert i kommunen på ein god og forsvarleg måte.
ØKONOMI	Tilskudd frå stat etter fastsette satsar.